


## Ut på tur



Med stønad frå Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet har Vestre Slidre kommune ved ungdomsarbeider organisert «Ut på tur» for 4., 5. og 6.klasse, Skuleåret 2020/21 og vår 2022.

Tilbodet har vore gratis for deltakarane.

Målet med tilbodet har vore at elevane skal ved aktivitet;

*«byggje identitet og røter i lokalsamfunnet, samt lære seg å bruke ulike aktiviteter utandørs. Skape mestringsopplevingar i saman med jamnaldrande og gi gode opplevingar med friluftaktivitet».*

Vi har med dette tiltaket samarbeid tett med Brennabu Leirskule. Elevane har tatt skulebussen etter skulen på fredagar til Brennabu. Her har dei vorte møtt av leirskulelærarar som har take med elevane på ulike aktivitetar. Det har vore aktivitetar som vassrakett, balanseline, rapellering, trugetur, aking, spark, steinsliping, forteljing i Eldstogo, juvvandring, energikamp osv.

Tiltaket har hatt betydning for både klassemiljø, relasjonsbygging og mestringsfølesle. Elevane har vorte kjend med kva aktivitetar Brennabu har å by på, samt korleis ein kan bruke naturen som ein aktivitetsarena.

Det har vore gode tilbakemeldingar både frå elevar og føresette på tilbodet.

Føresette:

«Supert tilbod! Varierte, morosame aktiviteter som fenger veldig. Veldig positivt for klassemiljøet også» .

«Heilt supert! Morsomt, variert, sosialt-topp at de har fått være med på dette!».

«Spennende og utfordrende, supert at barna får utfolde seg og bli kjent med nærmiljø».

Elevar:

«Skulle ønske vi kunne reise opp før på dagen. Ville hatt meir tid med aktivitetane»

«Det er gøy, fordi vi er aktive der»

«Veldig morsomt! Vi har fått oppleve ting vi ikkje får oppleve ellers»

«Fint å vera med klassen etter skuletid på fredager»



«Lærerikt. Lært mykje om naturen og bruke naturen»

«Det har vore spennande å prøve nye ting»

«Gøy! Det er kule aktiviteter og eg elsker konkurranse»

«Det er gøy! Ekstra moro med balanseline over juvet»